

EKSTRAORDINÆR J U N I - R U T I N E

I mai-rutina meldte vi at ordinær juni-rutine ikkje ville gå ut. Etter ei oppsummering av RV-arbeidet til nå og partiet sitt arbeid med Hamnerverksaka og andre "krisefenomen", har vi vedteke å sende ut ekstraordinær juni-rutine både til Distriktsstyrer og avdelingsstyrer.

Vi gjer merksam på at rutina er å oppfatte som eit direktiv-sett, som skal drøftast i DSAU/avdelingsstyret. Usemje i direktiv skal meldast.

Innhald:

1. FRAM FOR RAUD VALALLIANSE
2. KAMPEN MOT KRISA

Oslo 27/5 1975

Organisasjonsutvalet

FRAM FOR RAUD VALALLIANSE

Kameratar, fram til kommune og fylkestingsvalet 15. september er valkampen heile partiet si hovedoppgåve. Partiet vi i tilleggdrive arbeid på mange andre områder, men valkampen vil vera hovedoppgåva, og vi må sjå dei andre oppgåvene i lys av denne kampen.

Valkampen er ein omfattande klassekamp på det politiske og ideologiske området - den borgarleg-parlamentariske propagandaen når eit høgdepunkt. Om ikkje vi står imot, vil borgarlege linjer styrka seg og det vil føre til atterslag i klassekampen på andre felt.

Valkampen er ei politisk rørsle der målet vårt er å utvikle folk, trekke nye til den revolusjonære rørsle, konsolidere det vi har, vinne nye venner for klassekamplinja. Partiet sin Landskonferanse drog opp retningslinjene for denne kampen: RV skal byggast som ein reell allianse, valkampen skal rettast inn mot dei progressive i storindustrien, blant ungdommen og den politisk organiserte kvinne-rørsle.

Vi er no (26/5) komne eit godt stykke ut i valkampfasen. Den fyrste delen av valinnsamlinga för 1.mai vart i hovedsak godt gjennomført, og nokre delar av partiet er bra i gang med opprettinga av RV og vil kunne følgje den faseplanen som tidlegare er lagt fram. MEN vi må og slå fast at store delar av partiet ligg etter "skjemaet": RV er nyss oppretta eller er reint formelt, RV er enno ikkje oppretta og det er ikkje lagt skikkelege planar, presentasjonsaviser er ikkje spreidde osv.

Kameratar, dette er direktivbrot! Direktiva om t.d. opprettinga av RV har vore klare, för påske i fylke og kommuner der vi stiller liste, rundt alle partiavdelingar i løpet av mai. Dersom ein er usamd i direktiv har ein plikt til å melde det, men det er ikkje i noko tilfelle tillete å bryte direktiv. Slikt förer til at partiet ikkje har ei linje, og at leiinga på alle plan vert fråteke all rett til å drive fram arbeidet. I konsekvens er dette ei oppløysing av partiet som leiande kraft.

SKAU har difor vedteke å gje følgande DIREKTIV til distriktsstyrer og partiavdelingar:

1. Der RV ikkje er oppretta, skal dette gjerast straks - absolutt siste frist er 13/6. På konstitueringsnötet skal minimum følgande takast opp: RV si plattform, økonomien/teikne faste bidrag, plan for sommarvalkampen, organisering i valkampgrupper.
2. Den personlege agitasjonen skal planleggast og sikrast organisatorisk. DS/avd.styret må sørge for at alle ein kjenner til blir

kontrakta.

3. Faste bidrag til valinnsamlinga skal organiserast straks. Start med partimedlemmane og hekt på uorganiserte etter kvart som dei blir med.
4. Alle RV-komitear skal sette opp budsjett for valkampen på sitt område. Inntektene er sal av medlemskort, som går til lokal-komiteane. Overskytande inntekt skal sendast til Kampfondet straks - dersom budsjettet ikkje går opp, skal budsjett og søknad om tilskott sendast til RV sentralt.
5. RV på alle nivå, frå fylket til dei einiskilde valkampgruppene, skal ha eigen økonomiansvarleg. På fylkes- og kommunenivå skal det vera ein partikamerat.
6. Det skal vera aksjonsveke overalt i tidsrommet 2/6-15/6. Minimumsopplegg for aksjonsveka er: ei masseutdeling av avis, stands med utdeling av aviser, sal av Klassekampen, verving av RV-medlemmar, innsamling osv.
7. Av aktuelle norske klassekampsaker skal RV legge sotr vekt på kampen mot krisa. Krisa er sentral i agitasjonen vår og skal mel i den lokale propagandaen. RV-stands skal brukast til støttearbeid for Hamnerverk-arbeidarane.
8. Raud Ungdom og NKS har vedteke at deira medlemmar skal arbeide aktivt i Raud Valallianse. Distriktsstyrer og partiavdelingsstyrer har ansvar for at desse organisasjonane blir mobilisert.

KAMPEN MOT KRISA

Innledning.

I løpet av de siste månedene har det blitt stadig klarere at fjorårets økonomiske høykonjunktur er erstattet med ei raskt voksende krise. De siste ukene har meldingene om bedriftsnedleggelse, innskrenkninger og permitteringer kommet på løpende bånd. Alt i april beregnet Statistisk Sentralbyrå antallet arbeidsledige til 27000, av disse var omlag 9-11000 direkte rammet av oppsigelser. Blant de arbeidsløse er det mye kvinner og ungdom.

Det er i denne situasjonen viktig å skjønne at krisa, som er en del av ei verdensomspennende kapitalistisk krise, tar mange ulike former. Det sin er lettest å se er når tradisjonelt "svake" bransjer som hermetikkk, tekstil o.l. ryker pga sviktende eksportmarked. Men krisa viser seg også i at storkonserner - monopolkapitalen - innskrenker og rasjonaliserer intensivt lenge før de går med økonomisk tap, fordi deres grunnlov ikke bare er "å gå med fortjeneste", men jakten på maksimalprofitt. Oppsigelsene ved Nobö i Trondheim, ved Norske Skogindustrier i Våler o.l. er derfor en del av krisa.

Det samme gjelder de politiske oppsigelsene. På plass etter plass forsøker kapitale å nytte krisa til å sparke kommunister og andre kampberedte arbeidere først. Når Leif Skau i "intime kretser" uttaler at venstreekstremister for enhver pris må elimineres i fagbevegelsen så er det bare en bekreftelse på hva vi allerede vet at kapitalen vil ha sine trofaste handtlangere i DNA/LO-toppen og langt ned i DNAs partiapparat, jfr. Hammerverksaka.

Arbeidet med krisa, kampen mot arbeidsløshet, oppsigelser og permitteringer kommer derfor til å få stor betydning for AKP(ml)s arbeid i tida framover. Sentralkomiteen vil seinere, som et ledd i årsplanen for høsten 1975 og året 1976 komme med mer endelige retningslinjer for hvordan dette arbeidet skal drives, bl.a. sett i sammenheng med tariffoppgjøret. Men alt nå mener vi det er viktig å sikre at visse minimumsoppgaver blir løst tilfredsstillende. Vi tar her hensyn til at arbeidet med Rød Valgallianse tidligere er fastsatt som hovedoppgaven for partiet i de kommende månedene.

Kampen mot nedlegginga av kvinnearbeidsplasser, mot oppsigelser a la Våler har stor betydning for å utvikle en proletarisk kvinnebevegelse. Kvinnefronten har da i samband med dette slått fast kampen mot rasering av kvinnearbeidsplassene, mot kvinnefiendtlige oppsigelser, m.a.o. krisa som sin hovedoppgave.

På bakgrunn av dette gir vi følgende direktiv til Distriktsstyrer og partiavdelinger:

DIREKTIV:

1. Hammerverksaka

-- Alle Distrikter og partiavdelinger skal drive opinionsskapende arbeid for Hammerverkarbeidernes sak. Ulike metoder som stands, utdeling av løpesedler, avisinnlegg må tas i bruk. Arbeidet vil dreie seg om å skape en politisk bevegelse rundt rettsakene som truleg kjem til høsten pga. rettsferien.

-- Alle støttekomiteer som er opprettet, skal opprettholdes.

-- Det er ønskelig at det etableres støttekomiteer på flere steder, men dette må vurderes i forhold til de objektive mulighetene og ut fra RV-arbeidet som hovedoppgaven. Enkelte steder vil få spesielt direktiv om dette.

-- Støttekomiteene skal når behovet finnes ta opp andre aksjoner, oppsigelser o.l. enn Hammerverket, og skal ikke nedlegges sjøl om Hammerverksaka evt. tar slutt. SK vil da komme tilbake med nærmere retningslinjer for det videre arbeidet.

2. Kvinnearbeidsplassene

-- Kvinnefronten har stilt kampen mot krise som hovedoppgave. Våre kamerater som jobber i Kvinnefronten skal arbeide for at dette blir fulgt opp i fronten.

3. Lokale nedleggelser, permitteringer, oppsigelser

-- Ved lokale nedleggelser o.l. skal DS/partiavdelinga straks sette i gang undersøkelser og rapportere til partiledelsen. Dette for å drøfte videre retningslinjer for arbeidet med saka, sentralt og lokalt.